

Fardalselvi kraftverk:

Registreringsnummer:

6996

Saksnummer:

201300089

Høyringsfråsegn til konsesjonssøknad om kraftutbygging i Fardalselvi i Sogndal kommune:

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.802. Fardal kraftverk ligg i Sogndal Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.turistforeningen.no/sogndal/>.

Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er medlem av Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn han toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

Friluftsliv i Sogndal og områda kring Øvstedalen og Fardalselvi.

Sogndal er ein kommune med sterke friluftslivstradisjonar som har vorte mykje styrka i nyare tid. Dei fleste toppane rundt det aktuelle influensområdet er mykje nytta til ulike typar friluftsliv sommar og vinter. Sjå Opptur Sogn og Fjordane, Sogndal kommune: Skriki opp frå Øvstedalen, Norum eller Njøsadalen, Øvstedalen – Fjærlandssete – Hodlekve, Stedjeåsen, som dei mest brukte områda lokalt og regionalt knytt til Fardal/Øvstedalen. På andre sida av Sogndalsfjorden vendt mot området er Storehogen og Storehaugsfjellet, samt Lingesetfjellet med Dueskardsvarden mykje brukte turmål. Alle desse vil ha utsyn mot heile eller deler av dalen, men ingen spesielle friluftslivsinteresser er knytt spesielt til den aktuelle elvestrengen anna enn svært lokalt. Fardalsfossen og elva oppstraums dei øvste gardane i Øvstedalen er mykje meir knytt direkte til friluftsliv og ferdsel nærare elva.

Jordbruksdrifta og gjerder gjer ferdsel langs den aktuelle delen av elva mindre attraktivt, samt at sørvestsida mot Skriki er bratt, rasutsett og utan vidare tilkomst opp til fjellet.

Det er såleis ikkje mest friluftslivsinteressene som vert direkte råka av tiltaket, men innsynet til ein fråfallen elvestreng i sesongane når det ikkje er lauvvekst på trea. Fråfallen på den måten at ein utbygd elv med minstevassføring aldri/ kan gje det same visuelle inntrykket som ved normal vassføring.

Samla syn på utbygginga:

Vasskvaliteten i vassdraget har moderat økologisk og kjemisk tilstand grunna ukjent avrenning frå jordbruk og punktkjelder, samt mogleg partikkelureining oppstraums i vassdraget. Miljømålet etter EU sitt vassdirektiv er sett til Godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand innan 2015. Med avgrensing av punktutslipp og betre rutinar knytt til gjødsling og oppretting av naudsynte kantsoner/vegetasjonssoner langs elva kan truleg miljømåla nåast innan 2015.

Derimot, om ein byggjer ut elva nedstraums og langs landbrukspåverka del vil elva som resipient verte sterkt svekka og det vert truleg ikkje mogleg å nå miljømålet i det heile. Tilstanden i elva er no moderat, den skal etter måla verte god, men med stort fråfall av vatn vil tilhøva svært truleg gå imot dårleg tilstand, stikk i strid med EU sitt vassdirektiv.

For fleire av dei konsesjonssøkte elvene er dette ein aktuell problemstilling. Grunna samla belastning etter NML § 10, både lokalt og meir regionalt for naturmiljøet og omsynet til ønsket om å nå miljømåla etter EU sitt vassdirektiv, bør dette sjåast på i ein samanheng. Av natur-, miljø-, landskaps- og friluftslivsomsyn bør dei mest konfliktfylte søknadane trekkast ut. Her vil heller ikkje samfunnsnyttan vere stor nok til å forsvare at ein skal sette vassførekomsten til SMVF all den tid kvart bidrag er relativt lite og regionen allereie er storeksportør av kraft. Ny (subsidiert) fornybar energi erstattar enno ikkje fossile kjelder slik denne var meint å gjere.

Lokal og regional påverknad frå vasskraftutbygging:

Ser ein på alle konsesjonssøkte vassdrag(vassførekomster) for kraftutbygging, samt allereie utbygde og konsesjonsgitte vassdrag(vassførekomster) lokalt og regionalt kan det verte ein massiv samla belastning. Kraftutbygging er i dag den største negative påverknaden på vassdraga i regionen. Tap av biologisk mangfald: Artar som idag ikkje er trua kan i framtida verte det når tap av biotopar, i areal og kvalitet, ved redusert vassmengd og vasskvalitet, i stor grad vert svekka. Det er eit uttalt mål å stanse tap av biologisk mangfald. Vi ber derfor NVE sjå desse ulike faktorane samla under vurderingane av dei sju søknadane i denne pakken.

Vi vil også understreke poenget i 1.5 Sammenligning med øvrige nedbørfelt/nærliggende vassdrag: «Det er ingen andre markerte elver som renner ned i Sogndalsfjorden i denne delen av fjorden.» Elvene i denne delen av fjorden som tilhøyrer Kaupangerhalvøya har alle naturleg svært variabel vassføring og er ofte nærast turre i delar av sumarhalvåret. Fardalselvi kan såleis ha ein viktig biologisk funksjon i denne delen av fjorden.

2.0 Beskrivelse av tiltaket.

Slukeevna i høve middelvassføringa i vassdraget på 828 l/s og alminneleg lavvassføring på 36 l/s meiner vi max slukeevne er stor.

Minstevassføring 5-persentil vinter er sett til 36 l/s medan sumar er sett til 160 l/s.

Brukarinteresser i elva der Åberge planteskule tek ut omlag 8 l/s gjennom året vert teke ut i tiltaksområdet og vi meiner minstevassføringa difor bør aukast årleg med desse 8 l/s for å sikre ein viss vassmengda i elvai høve ureininga i vassdraget om det vert gitt konsesjon.

Vi ber difor om at det vert sett minstevassføring sommar til 168 l/s og vinter til 44 l/s.

Damhøgda på 4 meter vil verte eit dominerande element med tilsvarande stort daminntak bak.

2.6 Forholdet til offentlige planer og nasjonale føringer

EU sitt vassdirektiv: Etter Tiltaksanalyse Indre Sogn vassområde er det eit mål om å få økologisk potensial og kjemisk tilstand i vassdraget opp til god frå moderat. Sterk reduksjon av vassmengde vil truleg vere til hinder for å oppnå miljømålet.

Fardalselvi 077-37-R

Økologisk tilstand:

Moderat

Miljømål: Godt økologisk og kjemisk tilstand (GØT 2015)

Påverknader	Framlegg til tiltak	Forventa effekt av tiltak	Juridisk verkemiddel	Kostnad	Nytte i høve kostnad	Ansvar Styresmakt Tiltakshavar
Jordbruk (ukjent grad) Truleg punktkjelde	Kontroll av miljøplanen i landbrukseigedomar langs elva. Overvaking og problemkartlegging. Punktutslipp, eventuelle feil og utbetringsiltak ved gjødselkjeller og siloanlegg. Oppryddingstiltak overføres neste planperiode.	Vesentlig redusert ureining	Forurensningsforskriften, Forskrift om organisk gjødselvarer, Forskrift om gjødselplanlegging	10.000-50.000 kr Kostnad avhengig av antall prøver	Stor	S: Kommunen T: Grunneigar

Frå vassområde Indre Sogn Tiltaksanalyse 2014

3.6 Terrestrisk miljø

Det er mange vasstilknytte artar som i større og mindre grad er avhengig av god vassføring i elva for å ha gode levevilkår. God vassføring vere med på å sikre produksjon av bunndyr, insekter m.m som er viktig føde for både fugleartar og flaggermusartar som lever langs vassdraget.

Frå <http://www.sabima.no/vannflaggermus>:

Vannflaggermusa er spesialist på å jakte like over vannflaten. Den flyr bare noen få centimeter over vannet, gjerne i faste ruter, og snapper fjærmygg og andre insekter som svermer over vannet.

Flaggermus jakter ved hjelp av ekkolokalisering. Under jakten sender de ut høyfrekvente lyder, og ved hjelp av ekkoeene fra disse lydene kan flaggermusene oppdage flygende insekter og trær og andre hindringer.

Flaggermusene jakter bare om natta. Om dagen sover de hengende etter bakbeina i skjul på et trygt sted. Noen artar kan anlegge kolonier på loft eller under takstein i bolighus, kirker eller andre bygninger. Vannflaggermus er en av disse artene, men oftest er det vår vanligste flaggermusart, nordflaggermus, som slår seg ned i hus. Alle flaggermusene er fredet og det er viktig at man ikke forstyrrer koloniene, særlig i perioden juni til august da det kan være små unger tilstede.

Og frå <http://www.zoologi.no/artsfakta/pattedyr/flaggermus/vannflaggermus/faktaark/>

Trusler

Vannflaggermusa er avhengig av områder med høy insekttetthet for å dekke energibehovet. Jaktområdenes «kvalitet» er derfor viktig for arten (Kalko & Braun 1991). Arten jakter nesten utelukkende over vannflater omgitt av busker og trær (Mostert 1997). Fjerning av slike landskapselementer langs vann og vassdrag vil dermed kunne gjøre habitatet uegnet for vannflaggermus. Se for øvrig omtalen under [skjeggflaggermus](#).

Vintererle, wikipedia:

Biotop: Vintererla held til ved raskt flytande elvestryk, om vinteren held dei seg gjerne ved sakteflytande elvar i låglandet.

Føde: Fuglen livnærer seg av insekt som finst ved vatn, fluger, små biller, larvar av augestikkar, men også små krepsdyr og små blautdyr. Erla går gjerne der vatnet er grunt og plukkar i det i matjakta. Ho tek også flygande insekt.

Fossefall, wikipedia:

Habitat: Den føretrekker rennande vann; bekker, elver og fossestryk, men finnes også langs stillestående vann.

Føde: Den lever av vanninsekter, larver, krepsdyr, småfisk og sniglar som den finner i vatnet eller på bunnen.

Hekking: Redet leggest alltid ved rennande vann: på ein fjellhulle, under bruer o.l. Det er bygget som ein hytte, med inngang nedanfrå eller frå sida. Det er bygget av mose, og er kledd innvendig med lauv og strå. I april – juni legger den 4-5 kvite egg. Hoa ruger på eggene, som klekkast etter 14-18 dagar. Ungane matast av begge foreldra, og er flygedyktige etter ca. 23 dagar.

Strandsnipe, wikipedia:

Biotop og leveområde i Noreg:

Strandsnipa er den vanlegaste vadefuglen i landet, både med omsyn til utbreiing og tal. Truleg hekker 150 000 par i Noreg. Talet på fuglar minkar både nordom polarsirkelen og ovanfor bjørkefeltet. Fuglen trivst både ved stillestående sjøar og vatn, og ved sakteflytande eller raskt flytande elvar og bekkar, som gjerne kan vere små. Terrenget rundt spelar lite rolle, men ho krev faste breidder med berg eller sand, eller oppstikkande steiner. Til fjells kan ho også halde til i meir myrlende strom. Aller best liker strandsnipa klare, relativt hurtigstrøymande små elver. Også ved saltvatn er strandsnipa vanleg mange stader.

Hekking: *Actitis hypoleucos*

Strandsnipa legg fire 36 mm lange egg i slutten av mai og i juni. Desse er gulkvite med mykje flekkar i brunt og oskegrått. Reiret vert plassert på marka, oftast nær men iblant ganske langt frå vatn. Ungane går frå reiret straks dei er klekte.

Trekking: Dei norske strandsnipene reiser langt og overvintrar i Afrika. Også i vinterkvartera held dei seg ved rennande vatn. Fuglane flyg sørover i august og kjem attende tidleg i mai.

Føde: Denne består av makkar, insekt og larvene deira, som ho plukkar på stranda eller fangar i flukta.

Samla vurdering er i søknaden sett til liten negativ konsekvens, medan mange av artane som lever langs vassdraget er vassstilknytte og krev ei viss vassmengd for at kvaliteten ved biotopen skal vere god. Andre artar som t.d. rovfugl lever igjen av desse artane. Vi stiller oss sterkt undrande til at konsekvensen ikkje vert sett til negativ. NML §10 om samla belastning må også vurderast. No er svært mange av elvane i Sogn utbygde/konsesjonssøkte og det må vere viktig å behalda noken av desse intakte med normal vassføring i heile vassdraget, nettopp av omsyn til det biologiske mangfaldet. Dette er svært vanskelege omsyn å berekne, vi manglar gode metodar for å gjere det. NML §9 om føre var prinsippet bør nyttast til å vare på vassdragsnaturen i nokre vassdrag.

3.7 Akvatisk miljø

Vassdraget i dag med naturleg vassføring har **moderat økologisk tilstand**, grunna avrenning frå landbruket. Det vil svært truleg gje dårlig økologisk tilstand om vassføringa reduserast mykje, noko som er i strid med EU sitt vassdirektiv. Om nye tiltak reduserer og aukar negativt vasskvaliteten skal samfunnsnyttan vera vesentleg. Distriktet og regionen har rikeleg med fornybar produksjon inkl nye konsesjonar og Norge har no ilag med Sverige innfridd nye konsesjonar for langt meir enn 24,2 Twh - altså har vi oppnådd dei måla som er drivaren for å produsere meir fornybar energi. Samfunnsnyttan knytt til energiproduksjon er såleis svak, ref.:

<http://www.nve.no/no/Kraftmarked/Elsertifikater/Siste-nytt-om-elsertifikater/Presentasjoner-fra-norsk-svensk-elsertifikatseminar-2014-er-na-tilgjengelig-for-nedlasting/>

Om ureininga vert vesentleg auka vil dette truleg endre artsmangfaldet og artar i vassdraget. Vi meiner det vil vere ein negativ konsekvens av ein eventuell utbygging.

Konklusjon: Sett frå vår sin synsstad er ikkje dette det mest konfliktfylte kraftverket i denne pakken, men av omsyn til ureininga i vassdraget med moderat tilstand etter EU sitt vassdirektiv og med omsyn til samla belastning NML § 10, lokalt og for regionen meiner vi at Fardalselvi kan vere ein aktuell kandidat å ta ut av pakken.

Venleg helsing

SOGN OG FJORDANE TURLAG

Naturvernutvalet, Ron Overdevest, leiar

NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE

Thorleif Jakobsen, leiar

Sakshandsamar: Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv, epost. elisabeth@fnf-nett.no,
mob.: 480 20 532